HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Møteprotokoll

**Utval:** **Ungdommens fylkesutval**
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
**Dato:** 05.05.2017
**Tidspunkt:** 15:00 – 17:45

**Følgjande faste medlemmer møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Håkon Kongsvik | Leiar | |
| Silje Nordal | Medlem | |
| Anna Elisabeth Sunde | Medlem | |
| Sigrid Farestveit Neset | Medlem | |
| Jens Hestnes Andersen | Medlem | |
| Vegard Kleppe | Medlem | |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Martin V. Jonsterhaug | Nestleiar | |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Malene Kristine Meidell Alsaker | Martin V. Jonsterhaug | |
| Marius Hellan Hindenes | | |
| Julie Langum | | |
| Roland Fredriksen | | |

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Andreas Skretting Jansen | Førstekonsulent |

**Sakliste**

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 39/17 | Godkjenning av innkalling | | |
| PS 40/17 | Godkjenning av saksliste | | |
| PS 41/17 | Godkjenning av møtebok frå forrige møte | | |
| PS 42/17 | Referatsaker (meldingar) | | |
| PS 43/17 | Oppfølging av høyringsarbeid om regionreforma | 2017/2777 | |
| PS 44/17 | Oppfølging av høyringsarbeid om mobbeombod | 2017/2777 | |
| PS 45/17 | Planlegging av nettverkssamlinga 2017 | 2017/2777 | |
| PS 46/17 | Ymse | | |

## PS 39/17 Godkjenning av innkalling

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017**

**Vedtak**

Innkallinga vart godkjent utan merknadar.

## PS 40/17 Godkjenning av saksliste

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017**

**Vedtak**

Sakslista vart godkjent utan merknadar.

## PS 41/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017**

**Vedtak**

Møtebok frå førre møte vart godkjent utan merknadar.

## PS 42/17 Referatsaker (meldingar)

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017**

Ingen referatsaker var oppe til orientering.

**Vedtak**

Det vert ikkje fatta vedtak i saka

## PS 43/17 Oppfølging av høyringsarbeid om regionreforma

**Forslag til vedtak**

Det vert ikkje fremma forslag til vedtak i saka.

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017**

Silje Nordal la frem arbeidsgruppa foreløpige arbeid med saka. Utkast til høyring er ikkje ferdigstilt av arbeidsgruppa og saka vert derfor utsett.

**Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å utsetje saka til eit utkast til høyring er klart og arbeidsgruppa beståande av Silje Nordal og Vegard Kleppe får fullmakt til å fortsette det vidare arbeidet med utforming av utkast til høyring.

## PS 44/17 Oppfølging av høyringsarbeid om mobbeombod

**Forslag til vedtak**

Det vert ikkje fremma forslag til vedtak i saka.

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017**

Anna Elisabeth Sunde la frem arbeidsgruppas forslag til høyring om mobbeombod. Arbeidsgruppa, beståande av Anna Elisabeth Sunde, Julie Langum og Malene Kristine Meidell Alsaker, la fram eit forslag til høyring. Utkastet vart diskutert i plenum i utvalet og vart behandla under møtet.

**Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende inn følgjande høyringsinnspel om mobbeombod i Hordaland fylkeskommune til dei politiske partia på fylkestinget:

**Mobbeombodet i Hordaland**

Barn og unge i Hordaland er som alle barn og unge rundt om i verda. Dei treng veiledning, forståing, tryggheit og å bli respektert. Dei treng å bli sett og hørt. Dette er noko mobbeombodet gjer. Dei gjer meir enn berre å lytte, dei handlar. Det å veta at det alltid vil vera nokon som stillar opp gjer dei unge i fylket våra ein tryggheit.

Mobbeombodet løyser ikkje berre enkeltsaker. Dei leiter etter kjernen i mobbing. Kvifor det oppstår, kven som står bak og korleis å forhindre det. Dette arbeidet vil kunne vera med å bidra til færre mobbetilfelle. Dette vil aukar tryggleiken i dei unges kvardag, som vil betre trivselen på skulevegen og i skulen for mange.

Mobbeombodet sin funksjon er å hjelpe med fagkunnskap i ulike store og litt mindre mobbesakar. Dette har vore til stor hjelp for eksempelvis leing ved skular i fylket. Med den informasjonen mobbeombodet har om korleis og kvifor mobbing skjer kan ein lettare førebyggje mobbing. Denne informasjonen kjem gjennom ulike spørjeundersøkingar elevar ved ulike skular svarar på. Desse undersøkingane viser også på kva for nokre studie mobbing oftast skjer. Ved å jobbe med nettmobbing som kan vera vanskeleg å oppdage, spesielt for lærarar eller andre, har mobbeombodet ei viktig rolle. Dette ser ein då nettmobbing er meir utbredt enn tidlegare. Det omfattande arbeidet mobbeombodet har utført i denne prøveperioden har vore essensielt for mange elevar i deira skulekvardag.

Mobbeombodet jobbar ikkje berre åleine. Saman med dei andre mobbeomboda i landet, ynskjer ein å senke mobbetala på nasjonal basis. Dette gjer at kvar enkelt av mobbeomboda rundt om i landet gjere

ikkje berre ein forskjell i sitt eige fylket. Ved å rådgje kvarander, og dele erfaringar i ulike saker kan ein også vera med å gjere ein forskjell andre stader.

Mobbeombodet er med å gjere kvardagen lettare for fleire. Mobbeombodet vert ein tryggheit, som heiletida kjemper for at ein skal respektere dei ein leve blant. Mobbeombodet har vorte ei røyst for alle dei som ikkje klarar å gje beskjed, dei som ikkje vert teke på alvor, og gjer mot til dei som er involvert i dei ulike mobbesakane.

Mobbeombodet bidreg til betre psykisk helse og større tryggleik for alle i fylket våra. Dette vil utan tvil bidra til å gjere fylket vårt til eit betre fylke å leve i. Ved å forstår verdien av kvarandre, respektere kvarandre og klare å tenkje på andre sine følelsar og situasjonar vil ein kunne byggje eit fellesskap på noko ikkje går an å utnytte eller øydelegge.

UFU (Ungdommens Fylkesutval) på vegne av UFT (Ungdommens Fylkesting) meiner at mobbeombodet i Hordaland må oppretthaldas slik at ein kan fortsette med å gjere kvardagen lettare for så mange.

## PS 45/17 Planlegging av nettverkssamlinga 2017

### Forslag til vedtak

Det vert ikkje fremma forslag til vedtak i saka.

### Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017

Utvalet diskuterte nettverkssamlinga for ungdomsråd i Hordaland fylkeskommune. Vidare idémyldra medlemmene på når, kor og kva innhald som skulle vere på konferansen.

### Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek at tentativ dato for nettverkssamlinga 2017 blir første helga i november (4.-5. november 2017). Utvalet skal følgje opp saka, med sikte på å fastsette hotell på neste utvalsmøte (02.06.17)

## PS 46/17 Ymse

### Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017

Utvalsleiar Håkon Kongshaug løfta saka om tettare samarbeid med ungdomsrådet i Sogn og Fjordane, grunna regionssamanslåinga. Utvalet diskuterte moglegheita for å arrangere eit felles møte med Ungdomspolitisk utval (UPU) og strategi for vidare kontakt.

Utvalsleiar Håkon Kongshaug løfta også saka om deltaking på Foyerkonferansen. Utvalet vedtok på møtet 19.04.17 at ein ønska å sende to medlemmar til konferansen og diskuterte derfor kven i utvalet som skulle reise.

Vegard Kleppe la frem arbeidet som har vore gjort i forbindelse med møte i Arbeisutvalet for oppretting av Nasjonalt Medvirkningsorgan for Ungdom (ANMU), som vart arrangert i Bergen 22.-23. april. På møtet deltok Vegard Kleppe og Martin Jonsterhaug frå UFU. Det vidare arbeidet med ANMU var også diskutert i utvalet.

Sommaravslutning etter siste utvalsmøte før sommarferien (02.06.17) vart diskutert i utvalet. Medlemmane kom med innspel til kor denne kunne arrangerast.

### Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek at UFU skal gå i dialog med UPU med sikte på å få til eit relasjonsmøte mellom dei to ungdomsråda. UPU skal inviterast til nettverkssamlinga. Leiar og nestleiar i utvalet får fullmakt til å fortsette dialogen med UPU på vegne av utvalet.

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende Sigrid Farestveit Neset og Jens Hestnes Andersen til Foyerkonferansen 30.-31. august.

Sommaravslutning for utvalet vart arrangert etter utvalsmøtet 2. juni og vert på Matbørsen. Alle utvalets medlemmar, varamedlemmar og kontrollkomitémedlemmar vert invitert til å delta.